



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen
Rådgevarar

Dato: 29.01.2014

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
13/350-6/N-212/AMS

Dykkar ref.

Høyring framlegg til endring i opplæringslova - melding om vedtak

Viser til vedlagt utskrift av vedtak.

FS-003/14 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar departementet sitt framlegg om endring av § 13-7a i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Derimot går kommunen sterkt imot at ordninga med gratis frukt og grønt vert oppheva slik Departementet går inn for ved å oppheva §13-5 i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Ordlyden i dei nye paragrafane må korrigerast i tråd med nynorsk rettskriving.

Med helsing

Alf Strand
Rådgevar for oppvekst og kultur

Mottakarar:

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.01.2014	003/14	Alf Strand

Arkiv: N-212

Arkivsaknr.: 13/350

SAK - HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar departementet sitt framlegg om endring av § 13-7a i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Derimot går kommunen sterkt imot at ordninga med gratis frukt og grønt vert oppheva slik Departementet går inn for ved å oppheva §13-5 i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Ordlyden i dei nye paragrafane må korrigerast i tråd med nynorsk rettskriving.

Finansiering

Heimel

FS-003/14 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar departementet sitt framlegg om endring av § 13-7a i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Derimot går kommunen sterkt imot at ordninga med gratis frukt og grønt vert oppheva slik Departementet går inn for ved å oppheva §13-5 i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Ordlyden i dei nye paragrafane må korrigerast i tråd med nynorsk rettskriving.

Det skjedde i Formannskapet den 23.01.2014:

Formannskapet var samd om å gjera endeleg vedtak i saka, og saka skal difor ikkje vidare til kommunestyret.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.05.2013	Utdanningsdirektoratet	Forsøk etter opplæringslova §1-4
2	I	02.07.2013	Kunnskapsdepartementet	Rundskriv F-04-13 endringer i opplæringsloven og privatskoleloven
4	I	18.12.2013	Kunnskapsdep	Høring - forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven
3	I	20.12.2013	Kunnskapsdep	Opplæringslova §8-1

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til endringar i Opplæringslova. Dette gjeld endringar i tre tilhøve:

- 1 Endra ordninga med leksehjelp slik at kommunen sjølv kan avgjera kva steg i grunnskulen leksehjelpa skal gjevast på
- 2 Oppheva plikta kommunane har til å gje elevane i ungdomsskular og kombinerte skular gratis frukt og grønsaker
- 3 Innføra rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder, men under 18 år, som søker opphaldsløyve.

Det er dei to fyrste punkta som er aktuelle for oss.

FAKTA

I Leksehjelp

Ordninga med leksehjelp vart innført med verknad frå 1. august 2010. I §13-7a i Opplæringslova står det slik i fyrste ledd: *Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp for elevar på 1.- 4. årstrinn.* I forskrifta om leksehjelp er det slått fast at *«Det totale omfanget av leksehjelp på 1.-4. årstrinn til saman skal vere minimum 8 timar kvar veke».*

Departementets framlegg til ny lovtekst er slik i §13-7a: *Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Omfanget og den nærare fordelinga av leksehjelpa på årstrinna vert å fastsetje i forskrift.*

Det er ikkje i denne omgang snakk om å auka tilbodet om leksehjelp. Og i forskrifta til denne lovteksten vil det gå fram at det er kommunen som avgjer korleis dei 8 timane pr. veke til leksehjelp skal fordelast på årstrinna.

II Frukt og grønsaker

Frå 1. august 2008 vart det innført ei plikt for kommunane å gje alle elevar ved ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular gratis frukt og grønsaker. I Opplæringslova § 13-5 heiter det at: *«Skoleeigaren skal gi elevane gratis frukt og grønsaker. Departementet kan gi nærmare forskrifter om ansvaret for ordninga og omfanget av plikta».* Regjeringa vil no oppheva plikta kommunane har til å gje alle elevar ved ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular gratis frukt og grønsaker. Det er to omsyn som spelar inn her: a) at kommunane sjølve skal få avgjera om dei vil ha ei gratis fruktordning og b) at ordninga er kostbar og at regjeringa vil prioritera å bruka midlane på andre skuletiltak.

Departementet går inn for å utvida abonnementsordninga for frukt og grønt og som er subsidiert av Helse- og omsorgsdepartementet.

VURDERING

I Leksehjelp

Rådmannen vurderer det slik at det er fornuftig å fordela timane til leksehjelp også på andre klassesteg enn småskulen. Dette har vore omsnakka heilt sidan dagens ordning kom i kraft. Småskuleelevane er dei som har minst lekser og dei som mest naturleg vil spørja om og få hjelp til leksene heime. Det har til dels vist seg vanskeleg å sysselsetja småskuleelevane med lekser den timen dei har til leksehjelp pr. veke. Både på mellomsteget og ungdomssteget er krava til heimearbeid større. Samstundes er det ikkje alle foreldre som har høve til å hjelpa borna sine med lekser når dei er komne på ungdomssteget. Dersom departementet sitt framlegg går igjennom, vert det opp til kommunen som skuleeigar å avgjera korleis dei åtte timane til leksehjelp skal fordelast på klassestega og korleis tilbodet skal organiserast. Om ikkje kommunestyret har klåre synspunkt på korleis det skal gjerast, vil den einskilde skule få ansvar for å organisera tilbodet. På Sandnes skule hadde ein vinteren 2012 ei ordning med leksehjelp for ungdomsskuleelevar. Det var foreldra som tok initiativ til ordninga og som gjennomførte opplegget. Oppslutnaden var god og mange fekk god hjelp til å gjera oppgåver dei ikkje ville klart åleine.

II Frukt og grønsaker

Rådmannen meiner det vil vera eit tilbakesteg å gje opp ordninga med gratis frukt og grønsaker til elevane. Frukt og grønsaker er viktig i eit folkehelseperspektiv, noko også departementet er samd i. Men Departementet meiner at det skal verta valfritt for skuleeigar om dei vil tilby gratis frukt og grønsaker. Då veit me at ein del kommunar vil velja vekk frukt av økonomiske grunnar. Det vert også argumentert for å utvida den abonnementsordninga som nokre barneskular har i dag. Ei slik abonnementsordning vil seia at foreldra må betala ein sum pr. månad for at elevane skal få frukt og grønt på skulen.

Rådmannen meiner at argumentasjonen frå departementet si side for å oppheva ordninga er heller tynn. Dersom departementet meiner at frukt og grønt er viktig for elevane si fysiske og psykiske helse, er det for lett vint å velja kostnadene over på kommunane og foreldra..

KONKLUSJON

Masfjorden kommune støttar departementet sitt framlegg om endring av § 13-7a i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Derimot går kommunen sterkt imot at ordninga med gratis frukt og grønt vert oppheva slik Departementet går inn for ved å oppheva §13-5 i Opplæringslova og tilhøyrande forskrift.

Ordlyden i dei nye paragrafane må korrigerast i tråd med nynorsk rettskriving.

